

1) FINGERTE NAMN.

Vi bruker fingerte namn for å verne losjen. Alle skal kjenne så få ved namn som råd er, og vi vil hindre at namn blir kjent ved at uvedkomande lytter. Alle skal derfor bruke fingert namn, desse skal skiftast ofte. Dei skal alltid brukast ved samankomstene våre, og også når vi er i kontakt med folk som er aktuelle til nye medlemmer. Vi bruker ulike namn i ulike typer samanskomster. Innbydingar og blader skal ikkje merkast med fingert namn.

2) OPPLYSNINGER OM NAMN, TAL, ARBEIDSPASSAR O.L.

Oppgje minst mogeleg tal, namn og detaljer frå arbeidsplassane. Alle i losjen treng ikkje vite om alle nye "rekrutter" og "støtter". Om det er naudsynt å gje slike opplysninger, så skriv dei ned.

3) TELEFON, BREV OG ANNA KONTAKT.

Telefon og post skal aldri brukast til å samankalle, evt. avlyse samankomstene. Omtal aldri losjesaker i telefon eller brev. Skriftlege saker (innbedingar o.a.) må overleverast slik at uvedkomande ikkje kan få tak i dei, legg aldri slike saker i postkasser.

4) MØTER: LOKALER, INNBEDING, ANKOMST OG AVSLUTNING.

Det er avgjerande å sikre møtene våre godt; blir eit møte avslørt, vil alle i losjen bli kjent. Varier derfor møtelokalene. Gjer eit utval av lokaler som medlemene disponerer som kan brukast, men bruk ikkje alle - sørg for å ha nokon i reserve. Lån/leig gjerne lokaler hos andre, gje da ei anna forklaring på kva leiligheten skal brukast til - og oppfør dykk i samsvar med den.

Innbedingane bør helst gå munnleg, bruk eigne system for tid og stad. Sørg for at alle kjem på ein måte som er tilpassa lokalet. Ta omsyn til at kjente losjefolk skal kome sist, og gå sist. Privatbilar skal ikkje kjørast fram til plassen.

5) DOKUMENT.

Regelen er at du alltid skal ha minst mogeleg som fortel om losjesaker eller at du er med i losjen. Lag difor så lite private notater som råd er, skriv dei ned slik at dei er vanskelege å forstå for uvedkomande, og øydelegg slike notater systematisk.

Innbedingar til samankomstene skal øydeleggast når dei er over.

Blader o.l. kan oppbevarast i tre månader, spesielt viktige artikler kan klippast ut og oppbevarast så lenge det er naudsynt.

Finn gøymestader der slike dokument alltid ligg når dei ikkje er i bruk. Tenk deg at uvedkomande bryt seg inn for å leite etter saker som kan knytte deg til losjen - oppbevar dokument slik at du har ein

sjanse i slike tilfeller (ein låst skuff er slett ingen garanti).

6) ÅPNE ARRANGEMENT AV ULIKE SLAG.

Tøm alltid lommer og vesker for saker som knytter deg til losjen før du går til slike arrangement. Bruk aldri slike høve til å ta kontakt med andre, gjera avtaler o.l.

Dra vekk frå området når arrangementer er ferdig, ikkje samling på kafear o.l. i nærleiken.

7) SLARV OG LAUST PRAT.

Prat ikkje slik at du avslørrar funksjoner du har for andre i losjen eller folk utafor. Spør aldri andre kva dei gjer. Diskuter ikkje losjesaker eller gje opplysningar til folk du trur er i andre lag i losjen. Ved private samankomster o.l. skal du alltid opptre som om det er utanforståande til stades.

Unngå slarv og laust prat losjefolk imellom som ikkje har anna funksjon enn å spreie rykter. Slarv heller ikkje med ektefelle eller andre du bor sammen med. All slarv av typen: "Er Hans Olsen med i losjen nå?" er strengt forbudt. Prat aldri om kven som er med i losjen.

Omtal aldri losjesaker på offentlege plassar.

8) SIKRING AV PERSONAR.

Vurder om det er naudsynt å sikre spesielt einskild-folk i visse situasjonar. Sørg alltid for vern av folk som skal representere offentlig, både før og etter.

9) ARRESTASJON.

Oppgje berre namn, adresse, alder og yrke. Dette har du plikt til å oppgje. Avvis all anna utspørjing og "koseleg" samtale - føremålet er berre å få tak i opplysningar frå deg. Krev advokat.

10) Ellers gjeld dei retningsliner som blir gitt munnleg.